

Fitjar kommune	Adm.eining:	Forvaltningsseksjonen i region Vest
Postboks 83	Sakshandsamar:	Ina Giil Solheim
5418 FITJAR	Telefon:	918 88 890
	Vår referanse:	19/2107
	Dykkar referanse:	2018/792- 1164/2019
	Dato:	19.03.2019

Att:  
Olaug Haugen

## **Fitjar kommune Hordaland - Uttale til høyring for planprogram og varsling av oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040**

Vi viser til brev datert 06.02.2019 frå Fitjar kommune om ovannemnde sak.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Våre regionkontor skal bidra til at kommunar som deler same fjord- og straumssystem samarbeider ved produksjon av planar som omfattar kysten og dei nære sjøområda.

### **Nasjonale forventningar til planlegginga**

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedteke 12.juni 2015. Her finn vi følgande om planlegging i sjø;

Fiskeri- og havbruksnæringane er store eksportnæringar som bidreg til aktivitet og sysselsetjing i heile landet, spesielt i mange lokalsamfunn langs kysten.

Regjeringa vil leggje til rette for ein føreseieleg vekst i lakse- og aureoppdrettsnæringa, der miljømessig berekraft vil vere den viktigaste føresetnaden for regulering av næringa.

Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane. Samtidig som ein set

av nok areal til framtidig havbruk, må ein optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og ein må leggje vekt på miljøomsyn. Planlegginga må også sørge for andre samfunnsinteresser og omsyn i kystsona. Regjeringa vil bidra med rettleiing for heilskapleg forvaltning og planlegging i sjø, og dessutan til utvikling av planverktøy og betre kunnskapsgrunnlag.

Kortare formulert er forventningar frå regjeringa til regional og kommunal planlegging følgande;

«Fylkeskommunane og kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystzoneplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet blir sett i eit regionalt perspektiv.»

### **Våre innspel til planprogrammet**

Fiskeridirektoratet region Vest stiller seg positive til planprogrammet. Det kjem tydeleg fram kva som er føremålet med revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen, korleis planprosessen skal gjennomførast og opplegg for medverknad.

Det er viktig å inkludere kystsona og marin sektor i planprogrammet, slik at ein får klare rammer for arealbruk, utvikling og næringsverksemd. Det er positivt at havbruk og kystbasert reiseliv er omtalt under hovudtema «Fitjar i berekraftig vekst». Det er fleire fiskeområde i Fitjar som er med på å skape grunnlag for kystfiske i regionen. Fiskeri bør såleis også nemnast under dette hovudtemaet.

Gjennom nasjonalt program for kartlegging av marint biologisk mangfald har Havforskningsinstituttet og NIVA gjennomført kartlegging av marine naturtypar i Hordaland. I Fitjar er det registrert gytefelt for torsk, større kamskjelførekomstar, tareskog, blautbotnområde og sterke tidevasstraumar. Sjå vårt kartverktøy [Yggdrasil](#) for meir informasjon om desse områda. Det å ta vare på marint biologisk mangfald bør komme med under hovudtema «Den grønne kommunen».

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ina Giil Solheim  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Fitjar kommune

Postboks 83

5418

FITJAR